
Fra: Aasland, Øistein <fmhooaa@fylkesmannen.no>
Sendt: fredag 11. januar 2019 14:14
Til: Bente Kopperdal Hervik
Kopi: 'post@miljodir.no'; 'HFK@hfk.no'; 'eirik.knive@hfk.no'
Emne: Godkjenning av forvaltningsplan for Klesvika friluftsområde, Radøy kommune

Til Radøy kommune v/Bente Kopperdal Hervik

Viser til e-post sendinga nedanfor, datert den 11. jan 2019 og 16. mars 2018. Vi kan ikkje forklare kva som har skjedd og kvifor ikke det har vorte svara på e-posten i mars 2018.

Fylkesmannen har no sett på Forvaltningsplanen for Klesvika, Radøy kommune

Godkjenning av forvaltningsplan for statleg sikra friluftslivsområde - Klesvika i Radøy kommune

Fylkesmannen i Vestland godkjenner forvaltningsplan for det statleg sikra friluftslivsområder – Klesvika i Radøy kommune. Planen omfattar Klesvika friluftslivsområde. Radøy kommune har utarbeida planen, og har forvaltningsansvaret for dette friluftslivsområde.

Forvaltningsplanen er i tråd med formålet med sikringa. Framlegg til tiltak er formålsretta, og er planlagt utført på ein, etter vårt syn, naturvenleg måte.

Vi legg til grunn at kvalitetssikring av natur- og kulturverdiar vert utført før igangsetting av aktuelle tiltak i dei einskilde områda.

Fylkesmannen i Vestland viser til e-post frå Radøy kommune v/Bente Kopperdal Hervik sendt den 11. jan. 2019, med forvaltningsplan for Klesvika friluftslivsområde i Radøy kommune.

Fylkesmannen skal som staten sin representant som grunneigar og servitutthavar (rettshavar) vurdere om tiltaka kan gjennomførast i dei statleg sikra friluftslivsområda. Fylkesmannen sin godkjenning av forvaltningsplan er da å rekne for grunneigar (der staten ved Miljødirektoratet er grunneigar) sin aksept for gjennomføring av tiltaka. I servituttområder er det å rekne for rettshavar sin aksept for gjennomføring av tiltaket. Ein godkjenning blir da gitt under føresetnad av at tiltaka:

- er i tråd med føremålet for sikringa
- utførast på ein naturvenleg måte
- ikkje er øydeleggjande for biologisk mangfald og kulturminne

Ein godkjenning av forvaltningsplan er berre ein aksept frå staten sin side som grunneigar/rettshavar for at tiltaka kan gjennomførast. I tillegg er det ei føresetnad at alle andre naudsynte løyver vert innhenta før gjennomføring av tiltaka, til dømes etter plan- og bygningslova sine reglar.

Forvaltningsplanen som Radøy kommune har utarbeida fylgjer malen som Miljødirektoratet har utarbeida. Den inneheld ein områdeskildring/status og trong for tiltak i planperioden.

Fylkesmannens vurdering

Vi meiner at forvaltningsplanen har ein god framstilling av aktuelle verdiar, eigna bruk og tiltak i Klesvika friluftsområde. Vi trur at denne planen vil fungere godt som grunnlag for det arbeidet og dei tiltaka som skal utførast i området. Dei er greit illustrert med kart og foto.

Konklusjon

Forvaltningsplan for Klesvika friluftsområde – Radøy kommune er i tråd med føremålet med sikringa. Framlegg til tiltak er formålsretta, og er planlagt utført på ein, etter vårt syn, naturvenleg måte. Vi legg til grunn at kvalitetssikring av natur- og kulturverdiar vert utført før igangsetting av aktuelle tiltak i dei ein skilde områda.

Fylkesmannen i Vestland godkjenner med dette forvaltningsplanen som Radøy kommune har utarbeida for Klesvika friluftsområde.

Med venleg helsing

Øistein Aasland

seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Vestland

Tlf.: 55 57 23 22 / 46 80 84 98

www.fylkesmannen.no/vestland

Fra: Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no>

Sendt: fredag 11. januar 2019 13:20

Til: Aasland, Øistein <fmhooaa@fylkesmannen.no>

Emne: VS: Utkast til forvaltningsplan - Klesvika på Radøy

Hei,

Eg kan ikkje sjå at me har fått noko tilbakemelding på denne. Er det noko sjans for å få denne godkjend før 15. januar, slik at me evt kan søkja tilskot til statleg sikra friområde?

Med venleg helsing

Bente Kopperdal Hervik

rådgjevar kultur

Tlf. 56 34 90 12

Fra: Bente Kopperdal Hervik

Sendt: fredag 16. mars 2018 14:36

Til: 'fmhooaa@fylkesmannen.no'; 'Eirik Knive (Eirik.Knive@hfk.no)'

Emne: Utkast til forvaltningsplan - Klesvika på Radøy

Hei,

Kan de sjå på denne og vurderer om den kan godkjennast slik den ligg føre?

Med venleg helsing
Bente Kopperdal Hervik
Rådgevar kultur
Radøy kommune
Tlf. 56 34 90 12